

arbeidsløysa var svært høg. I perioden 2009 til 2013 var netto forventning relativt stabil, medan forventningane i 2014 er kraftig redusert. NAV Telemark ser ein stor, negativ endring i arbeidsmarknaden i fylket for neste år. Årets bedriftsundersøking viser at ni prosent av bedriftene i Telemark har problem med å rekruttere relevant arbeidskraft, og det anslås at bedriftene har ein mangel på 625 personar. Sjukepleiarar og andre helseyrk er på topp av mangelyrkene. Årets undersøking i regi av NAV Telemark bestod av 851 bedrifter og svarprosenten var 71 prosent.

– Fjern burot

– Burot kan vere ei utfordring, serleg for dei som har allergi, skriv Midt-Telemark landbrukskontor på si heimeside. Det har i fleire år vore kampanjar for å få rydda bort burot, spesielt nær der folk ferdast, som skular. Burota er den siste planten som gir plager for pollenallergikarar og den er den arten som gir størst ubehag, ifølgje ei brosjyre som landbrukskontoret har laga. Redusert jordarbeiding er ei årsak til at den spreier seg og den er vanskeleg å ta med kjemiske middel. – Det beste er luking, skriv landbrukskontoret.

komiteen



For fort. Heidi Greni i Senterpartiet synest endringar i kommunestrukturen går for fort, og fryktar tvangssamanslåingar.



Snikinnføring. Eirik Sivertsen frå Ap meiner regjeringa snikinnfører innbyggjargrense og at den byrjar i feil ende med forslaget sitt til endring i kommunestrukturen.

avgjerande. Det som er lagt fram no er rammene og dei er svake på insentiver og svake på oppgåveavklaring, seier Ap-politikaren.

– Styrkjer lokaldemokratiet

Helge Andre Njåstad (Frp), leiar i kommunalkomiteen, meiner proposisjonen er ein siger for lokaldemokratiet og at den vil sikre både auka sjølvstyre og betre kvalitet på tenestene i kommunane.

– Dette forslaget styrkjer lokaldemokratiet ved at kommunane får meir ansvar og meir makt. Lokalbefolkninga vil i større grad kunne planleggje bruk av ressurser som passar deira lokale forhold best, seier han om proposisjonen generelt.

– Det har vore mykje snakk om at de kan foreslå kommunesamanslåingar som avviker frå lokale vedtak. Er det då slik at ingen går fri?

– Det vil heilt sikkert vere kommunar som er like i 2020 som i dag, også etter reforma. Men ingen slepp fri frå å bruke det omgrepet til å gjere ei vurdering. Utfallet kan bli både samanslåing eller inga grenseendring, men det er likevel viktig å gjennomføre ein prosess på dette, seier han.

– Vis lokalt leiarskap

Njåstad er glad for at det vert sett

klare tidsfristar for kommunereforma ved at kommunane må fatte vedtak innan sommaren 2016.

– Med det løpet vert det streka under at alle kommunar må gjennomføre prosessar i tida som kjem og konkludere med kva som er best for innbyggjarane og næringslivet for framtida. Eg vil oppfordre alle lokalpolitikarar til å vise lokalt leiarskap i denne prosessen og sjå på mogleghei-

tene framfor problema, seier Njåstad.

Han synest tidsfristen er fornuftig og forsvarleg, og meiner ein må passe på ikkje å la det trekkje så langt ut at ein føler at ingen ting skjer. Kommunal- og forvaltningskomiteen hadde høyring på kommuneproposisjonen 19. og 20. mai og Stortinget behandlar meldinga 18. juni.